
Fra: Ottar Myrtveit
Sendt: 31. mai 2016 13:42
Til: Marius Flemmen Knudsen; Nils Kaalaas; Kristine Skaiaa Born; Målfrid Eide <Malfrid.Eide@askoy.kommune.no> (Malfrid.Eide@askoy.kommune.no); Elnes Mona Nyland
Kopi: Lars Øyvind Hillestad <post@alverhjort.no> (post@alverhjort.no)
Emne: VS: Vårteljing og ettersøk

[Oppsummering frå møtet på Alverhjort 20.05.16](#)

Nordhordlandskommunane og Askøy hadde møte på Alverhjort den 20.05.2016 kl 13.00 – 15.00
Desse møtte: Målfrid.Eide, Marius Flemmen Knudsen, Kristine Skaiaa Born, Lars Øyvind Hillestad og Ottar Myrtveit

Vårteljing: Me såg på utviklinga frå 2000 til 2016 i kommunane: Askøy, Meland, Masfjorden, Radøy, Austrheim, Lindås og Gulen. Tal dyr er berre ein peikepinn då det er ulike forhold frå år til år, men det er eit verktoy saman med sett hjort skjema og anna informasjon for å få mest mulig data om hjortebestanden på størst mulig område samstundes. Utviklinga er påfallande lik i alle alle kommunar, med ein auke fram til 2010. Så er det nedgang der 2015 som året med ferrast dyr. 2016 syner så oppgang i alle kommunar. Gulen og Lindås litt usikkert her. I 2015 var det kaldt og sein vår som forklarar lave tal.

Tildelingar: Askøy, Meland og Radøy reduserer noko medan resten er uendra.

Skadedyr: Generelt er det blitt ferre skadedyr tildelt dei siste åra, då ein ikkje ynskjer å gi for lett skadeløyver.

Bestandsplanar: Gulen- Masfjorden klar. Masfjorden-Lindås under arbeid. Askøy positive til BP, men Radøy og Lindås ynskjer ikkje vera med. Askøy og Meland har vald som ynskjer å vera med. Då her totalt er liten oppslutnad ser det ikkje så lyst ut for Nordhordland-Askøy BP område.

Ettersøkslag: Lars Øyvind Hillestad orienterte om laget og søknaden om få 5000,- frå kvar kommune til oppstart då ein del utstyr må kjøpast inn. Området femnar om heile Nordhordland. Viltfondet i Askøy er tomt og dei har eige lag, men ein har søkt om ekstra midlar. Meland har heller ikkje pengar på VF. Det er mao 3-4 kommunar som slit med å kunna gje pengar til oppstarten. Masfjorden ynskjer å støtta laget. Lindås er ikkje avklart. Gulen har eige lag, men ynskjer å ha kontakten. I ein krisesituasjon er det greitt å vita om kvarandre.

Ottar Myrtveit

Fagkonsulent landbruk

Masfjorden kommune, 5981 MASFJORDNES
Direkte: 56166272, Sentralbord: 56166200, Faks 56166201
E-post: ottar.myrtveit@masfjorden.kommune.no Heimeside: <http://www.masfjorden.kommune.no/>

